



Møteinnkalling

FELLESNEMND FOR KOMMUNANE ULLENSVANG, JONDAL OG ODDA I PERIODEN 2017 - 2019

Utval:	Fellesnemnd Ullensvang kommune
Møtestad:	Kommunestyresalen i Odda
Dato:	15.06.2018
Tidspunkt:	09:00

Forfall skal meldast til Jondal kommune sitt sentralbord tlf.nr. 53 66 95 00 eller til Ragnvald Joakimsen på tlf.nr. 45 47 41 81.

Er nokon ugilde i ei sak, må det meldast frå om dette.
Varamedlemmer møter berre ved mottak av eigen innkalling.

Sak nr:	Sakstittel:
025/18	Godkjenning av protokoll
026/18	Rekneskap for 2017 i samanslåingsprosjektet
027/18	Revidering av økonomiplan/budsjett for sammenslåingsprosjektet
028/18	Revidering av prosjektplanen
029/18	Administrativ organisering nye Ullensvang kommune
030/18	Politisk organisering nye Ullensvang kommune
031/18	Arbeidsavtale prosjektleiar - rådmann for nye Ullensvang kommune
032/18	Prosjektorganisering kommuneplanen sin samfunnsdel

Orienteringssaker til fellesnemnda:

- Frå arbeidet med samanslåingsprosessen – status for arbeidet i hovudarbeidsgruppene
- Brev til fellesnemnd og prosjektleiar i samanslåingsprosjektet for nye Ullensvang kommune fra leiar i Fagforbundet i Ullensvang herad
- Rekruttering av HR/Personalsjef i sammenslåingsprosjektet – status



Arkiv: K1 - 033
Arkivsak ID: 18/758 - 1
Journalpost ID: 18/9120
Saksh.: Ragnvald Joakimsen
Dato: 08.06.2018

Nemnd / utval	Møtedato	Saksnr
Fellesnemnd Ullensvang kommune	15.06.2018	025/18

Godkjenning av protokoll

Dokumentnr	Tittel
359497	Protokoll - Fellesnemnd Ullensvang kommune - 22.05.2018

Prosjektleder sitt forslag til

vedtak:

Utvalet godkjenner vedlagt protokoll fra førre møte.

Prosjektleder, Ingjerd Astad



Arkiv: K1 - 036K3 - &23
Arkivsak ID: 17/1001 - 66
Journalpost ID: 18/8476
Saksh.: Ragnvald Joakimsen
Dato: 27.05.2018

Nemnd / utval	Møtedato	Saksnr
Fellesnemnd Ullensvang kommune	15.06.2018	026/18
Partssamansett utval - Ullensvang kommune	05.06.2018	014/18

Rekneskap for 2017 i samanslåingsprosjektet

Dokumentnr	Tittel
360294	Revisjonsmelding Fellesnemnd Odda Ullensvang og Jondal 17
360295	Ullensvang kommune_rekneskap_2017

Prosjektleder sitt forslag til

vedtak:

Fellesnemnda godkjenner rekneskapen for 2017.

Prosjektleder Ingjerd Astad,

05.06.2018 Partssamansett utval - Ullensvang kommune

Behandling:

Røysting:

Tilrådinga frå prosjektleder vart samrøystes vedteke.

PSU-014/18 Vedtak:

Tilråding:

Fellesnemnda godkjenner rekneskapen for 2017.

Saksbehandlart:

Anne Erdal

Saka gjeld:

Rekneskapen for fellesnemnda er ført av Ullensvang herad, og Kommunalsjef økonomi i Ullensvang herad er ansvarleg for at rekneskapen er ført korrekt.

Rekneskapen er ført på eige ansvarsområde, og ubrukte midlar er avsett til bundne driftsfond til disposisjon for fellesnemnda i 2018 og 2019.

Alle kommunar som i kommunereformperioden vert slått saman, vert omfatta av dei same økonomiske virkemidlane. Fellesnemnda for Ullensvang kommune disponerer eingongstilskot, reformstøtte og andre prosjektmidlar tildelt i samband med kommunesamanslåinga.

Dei inntektene som er ført i rekneskapen for 2017 er:

Tilskot til dekking av eingongskostnadar – 30,8 MNOK

Støtten er utbetalt frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet etter inndelingslova § 15 og skal nyttast til å dekkja eingongskostnadar ved kommunereforma. Støtta er øyremerka og det vert kravd rapport om korleis midlane er disponert innan 31.12.2020.

Infrastrukturtiltak – 4 MNOK

Ullensvang kommune søkte om tilskot til infrastrukturtiltak og fekk tildelt kr 4 mill. Tilskotet må nyttast til tiltak som er skildra i søknaden. Ullensvang søkte om midlar til digitaliseringstiltak. For å oppfylle kravet i tilsegnet er inntekter og utgifter ført på eige prosjekt.

Tilskot til utvikling av kommunale vegleingstilbod innan digital kompetanse – 0,2 MNOK

Midlane må nyttast til tiltak som er skildra i søknaden. Tiltak skal vera gjennomført innan 31.12.2018. For å oppfylle kravet i tilsegnet er inntekter ført på eige prosjekt. Det har ikkje vore utgifter her i 2017.

Det er oppretta eigen bankkonto for midlane til Ullensvang kommune, og renteinntektene er tilført prosjektet.

Utgifter som er ført i rekneskapen for 2017 er:

- Utgifter til løn til prosjektorganisasjonen frå hausten 2017.
- Stillingane som har vore operative i 2017 er prosjektleiar, 50 % sekretær, 50 % informasjons- og kommunikasjonsansvarleg og 20 % økonomiansvarleg.
- Reiseutgifter for prosjektorganisasjonen og administrativ styringsgruppe (rådmennene).
- Utgifter til avvikling av møtene i fellesnemnda og PSU (møtegodtgjersle, tapt arbeidsforteneste, reiseutgifter, bevertning).
- Leiarutvikling/ samlingar for leiarane i Jondal, Odda og Ullensvang i samband med kommunesamanslåinga.
- Tilskot til kyrkjeleg fellesnemnd for samanslåingsprosess.
- Datalisensar i samband med kommunesamanslåinga.

Det er utgifter på kr 2 360 911,72 eks. mva i 2017. Ubrukte midlar på i alt kr 32 662 741,28 er avsett til bundne driftsfond til disposisjon i 2018 og 2019.

Rekneskapen for 2017 samt revisjonsmelding er vedlagt saka.

Samandrag/ konklusjon:

Prosjektleiari tilrår at fellesnemnda godkjenner rekneskapen for 2017.

Saka skal ekspederast av:
Partsbrev skal sendast til:

Sakshandsamar
Alle relevante partar
Arkiv



Arkiv: K1 - 036K3 - &23
Arkivsak ID: 17/1001 - 67
Journalpost ID: 18/8480
Saksh.: Ragnvald Joakimsen
Dato: 25.05.2018

Nemnd / utval	Møtedato	Saksnr
Fellesnemnd Ullensvang kommune	15.06.2018	027/18
Partssamansett utval - Ullensvang kommune	05.06.2018	015/18

Revidering av økonomiplan/budsjett for sammenslåingsprosjektet

Dokumentnr	Tittel
360304	Ullensvang kommune_ budsjett 2018_2019 (1)

Prosjektleder sitt forslag til

vedtak:

Fellesnemnda godkjenner vedlagte prosjektbudsjett/ økonomiplan for samanslåingsprosjektet.

Prosjektleder Ingjerd Astad,

05.06.2018 Partssamansett utval - Ullensvang kommune

Behandling:

Røysting:

Tilrådinga frå prosjektleder vart samrøystes vedteke.

PSU-015/18 Vedtak:

Tilråding:

Fellesnemnda godkjenner vedlagte prosjektbudsjett/ økonomiplan for samanslåingsprosjektet.

Saksbehandlar:

Anne Erdal

Saka gjeld:

Fellesnemnda for Ullensvang kommune har i oppgåve å samordna og ta seg av førebuinga av samanslåinga av Jondal kommune, Odda kommune og Ullensvang herad. I hht fellesnemnda sine fullmakter, skal nemnda handsama budsjett og økonomiplan for sjølve gjennomføringa.

I sak 017/17 handsama fellesnemnda økonomiplan og budsjett for samanslåingsprosjektet. Her vart det vedtatt at budsjettet skal reviderast i løpet av 1. halvår 2018.

Dei inntektene som fellesnemnda disponerer er:

- Tilskot til dekking av eingongskostnadar – kr 30,8 mill
- Infrastrukturtiltak (midlar til digitalisering) – kr 4 mill
- Tilskot til utvikling av kommunale vegleiingstilbod innan digital kompetanse – kr 200 000
- Regionsentertilskot – kr 5,88 mill
- Reformtilskot – kr 5,1 mill

I 2017 var det rekneskapsført utgifter på kr 2 360 911,72 eks. mva. Ubrukte midlar på i alt kr 32 662 741,28 er avsett til bundne driftsfond. Det er desse midlane som kan disponerast i 2018 og 2019 saman med regionsentertilskot og reformtilskot som ikkje er innbetalt til prosjektet pr. no.

Framlegg til revidert budsjett ligg ved saka. Dei største endringane frå tidlegare er:

- Løn prosjektstab er justert noko då ressursane til no i 2018 har vore lågare enn opprinneleg plan.
- Reiseutgiftene er auka ut frå rekneskapstal 2017.
- Leiarutvikling/ samlingar: det vart brukt meir enn planlagt i 2017, og budsjetta vidare er justert slik at totale utgifter over 2017-2019 er likt som i utgangspunktet.
- Heile tilskotet til kyrkjeleg fellesråd er utbetalt i 2017, budsjetta vidare år er justert. I tillegg er tilskot på kr 20 000 til kurs i sak 022/18 lagt inn budsjettet.
- Det er lagt inn kr 1 mill til kommuneplan i 2018/ 2019. Dette er finansiert ved at regionsenterfunksjonar er redusert tilsvarande.
- Posten "frie midlar – til diverse uforutsette utgifter" er justert ned for å saldere budsjett/ økonomiplan.

Samandrag/ konklusjon:

Prosjektleiartilrå at fellesnemnda godkjenner revidert budsjett/ økonomiplan for samanslåingsprosjektet.

Saka skal ekspederast av:	Sakshandsamar
Partsbrev skal sendast til:	Alle relevante partar
	Arkiv



Arkiv: K1 - 036K3 - &23
Arkivsak ID: 17/1001 - 68
Journalpost ID: 18/8489
Saksh.: Ragnvald Joakimsen
Dato: 27.05.2018

Nemnd / utval	Møtedato	Saksnr
Fellesnemnd Ullensvang kommune	15.06.2018	028/18
Partssamansett utval - Ullensvang kommune	05.06.2018	016/18

Revidering av prosjektplanen

Dokumentnr	Tittel
360328	prosjektplan v.4.1

Prosjektleder sitt forslag til

vedtak:

Prosjektplanen, versjon 4.1 blir vedteke slik den ligg føre.

Prosjektleder Ingjerd Astad,

05.06.2018 Partssamansett utval - Ullensvang kommune

Behandling:

Røysting:

Tilrådinga frå prosjektleder vart samrøystes vedteke.

PSU-016/18 Vedtak:

Tilråding:

Prosjektplanen, versjon 4.1 blir vedteke slik den ligg føre.

Saksbehandlar:

Ragnvald Joakimsen

Saka gjeld:

Prosjektplan skal gje føringar og retning for prosjektarbeidet fram mot etableringa av nye Ullensvang kommune 2020. PSU og fellesnemnda har handsama saka om prosjektplan tidlegare og fellesnemnda har fatta vedtak om tidlegare versjonar av prosjektplanen, sist i sak i sak 024/17.

Som tidlegare nemnt er prosjektplanen å sjå på som eit levande dokument som etter behov kan endrast undervegs i prosessen Denne reviderte utgåva av planen inneheld ikkje dei store endringane, men er oppjustert med dei endringar som er vedteke og som ein kjenner til nå. Det vil truleg også kome ein ny versjon hausten 2018, etter at dei administrative arbeidsgruppene er ferdige med sitt arbeid i fasane 2 og 3.

Samandrag/ konklusjon:

Prosjektleiari rår til at planen blir vedteken slik den ligg føre

Saka skal ekspederast av:
Partsbrev skal sendast til:

Sakshandsamar
Alle relevante partar
Arkiv



Arkiv: K1 - 036K3 - &23
Arkivsak ID: 17/1001 - 69
Journalpost ID: 18/8624
Saksh.: Ragnvald Joakimsen
Dato: 25.05.2018


Nemnd / utval	Møtedato	Saksnr
Fellesnemnd Ullensvang kommune	15.06.2018	029/18
Partssamansett utval - Ullensvang kommune	05.06.2018	017/18

Administrativ organisering nye Ullensvang kommune

Prosjektleder sitt forslag til

vedtak:

Fellesnemnda for Ullensvang kommune vedtar følgende modell for overordnet administrativ organisering for nye Ullensvang kommune:



Prosjektleder Ingjerd Astad

05.06.2018 Partssamansett utval - Ullensvang kommune


Behandling:

Røysting:

Tilrådinga frå prosjektleiar vart samrøystes vedteke

PSU-017/18 Vedtak:**Tilråding:**

Fellesnemnda for Ullensvang kommune vedtar følgende modell for overordnet administrativ organisering for nye Ullensvang kommune:

**Saksbehandlar:**

Ingjerd Astad


Saka gjeld:

I samband med etableringa av nye Ullensvang kommune skal fellesnemnda ta stilling til kva for politisk og administrativ organisering som skal utgjere grunnlaget for den nye kommunen. I denne omgang er det den overordna administrative organiseringa som har fokus.

Det er hovudarbeidsgruppa "*Administrativ organisering, stabsfunksjonar og utvikling av organisasjonen*" som har stått for utgreiing av den overordna administrative organiseringa. Innspel og anbefalingar frå partssamansett utval til den framlagde administrative organisasjonsmodellen, er ein vesentleg del av grunnlaget for fellesnemnda si behandling av dette.

Utgreiing:

Det blir gjort framlegg om følgjande modell for overordna administrativ organisering:



Hovudarbeidsgruppa "Administrativ organisering, stabsfunksjonar og utvikling av organisasjonen", har i vår kartlagt den organiseringa dagens tre kommuner og herad har, og gruppa har vidare vurdert ulike alternative administrative modellar for den nye kommunen. Det vart tidleg avklart at ein modell med flat struktur ikkje var ønskeleg frå arbeidsgruppa si side. Gruppa har etter kvart i arbeidet fokusert på ei løysning som så er lagt fram som forslag. Undervegs i arbeidet har gruppa sendt forslaget til overordna administrativ organisering ut på høyring til sine administrative undergrupper og til dei øvrige administrative hovudarbeidsgruppene. Eit viktig fokus for gruppa har vore kva organisering dei øvrige hovudarbeidsgruppene, dei direkte tenesteytande områda, er best tente med for å støtte opp under deira tenestemråde.

Organisasjonsstrukturen – både politisk og administrativt – vil vere ramma for arbeidet med framtidig samfunns- og tenesteutvikling kor innbyggjar og brukar blir inkludert og teke med. Ei tydeleg organisasjonsbeskriving der ansvar og mynde er tydeleggjort, legg grunnlaget for god gjennomføringsevne og ein handlekraftig organisasjon. I den framtidige kommunen vil samskaping og utvikling av gode arenaer for medverknad stå sentralt. Både politisk og administrativt vil ein i større grad navigere på bakgrunn av samspel med omgjevnadane. Digitalisering vil føre til behov for å organisere tenestene på nye måtar. Val av organisasjonsmodell må støtte opp under desse utviklingstrekk. Både politisk og administrativt vil det vere naturleg å byggje ein organisasjon som vil støtte opp under evna til å utvikle heilskaplege løysingar på tvers (internt og i samarbeid med andre aktørar), og understøtte innovasjons- og utviklingsevne for å realisere potensialet og nytteverdien for kommunen sine innbyggjarar. Prosjektleiær meiner at den overordna administrative organisasjonsmodellen ivaretek dette på ein god måte, og vil difor støtte opp om denne modellen.

Det at prosjektet får på plass val av modell for organisering for den nye kommunen, er viktig i forhold til dei oppgåvene som står att av prosjektperioden. Det er viktig både for etableringa av toppleiargruppa, og å gje denne gruppa tid til å verke saman i den perioden som står att av prosjektet. I tillegg er det viktig å få på plass den administrative organiseringa i høve til arbeidet i arbeidsgruppene i sluttarbeidet i fase 2. Innhaldet i de ulike områda vil det bli arbeidd vidare med etter at fase 2 i prosjektet er ferdig og lagt fram for PSU/fellesnemnda og vidare når

leiargruppa for den nye kommunen har kome på plass utover hausten 2018.

Saka skal ekspederast av:
Partsbrev skal sendast til:

Sakshandsamar
Alle relevante partar
Arkiv



Arkiv:
Arkivsak ID: 18/759 - 1
Journalpost ID: 18/9144
Saksh.: Ragnvald Joakimsen
Dato: 08.06.2018


Nemnd / utval	Møtedato	Saksnr
Fellesnemnd Ullensvang kommune	15.06.2018	030/18

Politisk organisering nye Ullensvang kommune

Hovudgruppa sitt forslag til

vedtak:

Fellesnemnda vedtek følgjande hovudstruktur for politisk organisering i nye Ullensvang kommune:



I tillegg til hovudstrukturen vert følgjande råd og utvalg oppretta i nye Ullensvang kommune:

- Eldreråd
- Råd for menneske med nedsett funksjonsevne
- Ungdomsråd
- Grendautvalg for Røldal, Kinsarvik, Utne og Jondal
- Valstyre

Leiar i hovudarbeidsgruppa *Politisk hovedstruktur og politisk reglement*, Elin Eide Brattabø

Saksbehandlar:

Ingjerd Astad

Saka gjeld:

I samband med etableringa av nye Ullensvang kommune skal fellesnemnda ta stilling til kva for politisk og administrativ organisering som skal danne grunnlaget for den nye kommunen. Det er hovudarbeidsgruppa *Politisk hovedstruktur og politisk reglement* som har stått for utgreiing av den politiske organiseringa. Gruppa rapporterer direkte til fellesnemnda, dette i hht vedtak i sak 028/17 i fellesnemnda.

Organisasjonsstrukturen – både politisk og administrativt – vil vere ramma for arbeidet med framtidig samfunns- og tenesteutvikling, kor innbyggjar og brukar vert inkludert og teke med. Ei tydeleg organisasjonsbeskriving kor ansvar og mynde er tydeleggjort, legg grunnlaget for god gjennomføringsevne og ein handlekraftig kommune. Det at prosjektet får på plass val av modell for politisk organisering for den nye kommunen, er viktig i høve til den gjenståande prosjektperioden.

Når modell for politisk organisering er valt, vil hovudarbeidsgruppa *Politisk hovedstruktur og politisk reglement* kunne utgreie innhaldet i politisk reglement, og på den måten legge grunnlaget for å kunne utarbeide forslag til delegering frå kommunestyret, for den nye kommunen.

Utgreiing fra hovedarbeidsgruppen *Politisk hovedstruktur og politisk reglement*

Etter 1. januar 2020 blir Ullensvang kommune den største kommunen i indre Hardanger, det er då behov for endring av hovudstrukturen. Det er også nedfelt i intensjonsavtalen, som denne gruppa har forholdt seg til. Det som er nedfelt i intensjonsavtalen er:

- **Det skal vera 33 representantar i Kommunestyre**
- **Det skal vera 9 representantar i formannskapet**

Også utdrag frå intensjonsavtalen;

- *Odda kommune, Jondal kommune og Ullensvang herad ynskjer i saman å skapa ein - ny, livskraftig og attraktiv kommune i Hardanger.*
- *Den nye kommunen skal sikra og vidareutvikla kvalitet i tenestene nært innbyggjarane og vera ein god kommune å bu og veksa opp i.*
- *Målet med kommunesamanslåinga er å sikra innbyggjarane i dei tre kommunane gode tenester i framtida.*
- *Den nye kommunen skal organiserast slik at den kan møte framtida sine utfordringar og krav til tenesteutøving til innbyggjarane på ein god måte.*
- *Det skal sikrast at den nye kommunen har god demokratisk styring og representasjon.*
-

Gruppa har kome fram til at me skal ha to hovudutval:

- **Samfunn og utvikling**

(vatn, avløp, renovasjon, kommunale veier, land-skogbruk, klima, miljø mm.)

- **Kultur og levekår**

(Helse, sosial, oppvekst, kunnskap, kultur, idrett, frivillighet mm.)

I tillegg til hovudstruktur for organiseringen av det politiske arbeidet skal Ullensvang kommune ha:

- Kontrollutval
- Klageutval
- Eldreråd
- Råd for menneske med nedsatt funksjonsevne
- Administrasjonsutval
- Ungdomsråd
- Valstyre

Politiske utval og komiteer under kommunestyre er ikkje obligatorisk, jf. Kommuneloven. Begrunnelse for å ha utval og/eller komiteer er:

- *Behov for arbeidsdeling og spesialisering for dei folkevagte*
- *Mulighet for brei og djup deltaking i pågåande politiske beslutningsprosesser*
- *Behov for raskare og grundigare behandling på spesifikke områder*

Lovpålagte organ:

Etter kommunelova

- *Formannskap KL § 8 (alle må sitja i kommunestyre)*
- *Kontrollutval KL § 77 (minst 1 representant frå kommunestyre)*
- *Partsamansatt utval KL § 25 (kommunestyre velger sjølv kommunens representantar)*
- *Ny bestemmelse i KL § 10b, sannsynlegvis frå 2019: Råd for eldre og personar med funksjonsnedsettelse skal velges, jfr gjeldande lovverk i dag, råd for ungdom eller tilsvarende representasjonsråd for ungdom kan opprettast*

Etter andre lover:

- *Klageutval (forvaltningslova)*
- *Valstyre (valglova)*
- *Eldreråd (særlov) – lovhjemmel flyttes over til kommuneloven, tidspunkt for iverksettelse ikkje vedtatt.*
- *Råd for mennesker med nedsatt funksjonsevne (særlov) – lovhjemmel flyttes over til kommuneloven, tidspunkt for iverksettelse ikkje vedtatt*

Intensjonsavtalen seier noko om representasjonen (antall medlemmer) i kommunestyre og i formannskapet, i nokon av dei andre utvala / råda har denne gruppa foreslått antall medlemmer. Målet har vore at alle kommunestyremedlemma skal vera delaktig i eit utval / råd.

Gjennomgåande representasjon innebærer at det er kommunestyrets medlemmer som

oppnevnes til utval og ynskelig at samtlige representantar er engasjert i eit av underutvala. Det er tenkt to kommunestyremedlemmer inn i kontrollutvalet som då ikkje kan sitja i andre utval.

Kommunestyre: 33 medlemmer

Formannskap: 9 medlemmer

Levekår og kultur: 11 medlemmer

Samfunnsutvikling: 11 medlemmer

Kontrollutval: 2 medlemmer

Administrasjonsutval: 9 medlemmer (5 politikarar)

Administrasjonsutvalet skal ha 5 politikarar frå formannskapet, 4 i tillegg til ordførar. Dei andre 4 politikarane frå formannskapet som ikkje er medlem i administrasjonsutvalet er medlem i valstyre. Ordføraren set i begge desse utvala.

Klageutval: 5 medlemmer

Klageutvalget vil være kommunens særskilte klagenemd, jf. forvaltningsloven § 28 andre ledd. Utvalget behandler og avgjør klagesaker hvor det har blitt fattet enkeltvedtak av den kommunale forvaltningen og det ikke er mulighet til å påklage vedtaket til statlig organ (f.eks. til fylkesmannen).

Klageutvalget foretar en fullstendig ny prøving av saken, og kan avvise saken, oppheve eller stadfeste det påklagede vedtak.

Kommunestyret velger fem medlemmer til klageutvalget og utpeker leder og nestleder.

Valstyre: 5 medlemmer

Valstyre skal ha 5 medlemmer frå formannskapet, 4 i tillegg til ordførar. Dei andre 4 politikarane frå formannskapet som ikkje er medlem i valstyre er medlem i administrasjonsutvalet. Ordføraren set i begge desse utvala.

Ungdomsråd: 13 medlemmer (2 politikarar)

Ungdom har kompetanse og lokal kunnskap som er viktig i utviklinga av framtidens kommunar. Kommunesammenslåinga er ein mulighet til å sette ungdomsmedvirkninga på dagsorden, og diskutera korleis den skal fungera i fremtida. Medvirkningsorgana gjer det lettare for ungdom å bli høyrte i demokratiske prosessar; meiningsbryting ungdommane imellom bidrar til at unges standpunkt blir tydeliggjort.

Ullensvang kommune ynskjer å satsa på ungdommen, og eit råd på 11 medlemmer er ynskelig for å sikra deltaking frå alle dei tidlegare kommunane, samt dei nytta skulane i nærområdet. Ein har tenkt at det fyrste ungdomsrådet Ullensvang kommune skal ha, kan med fordel ha ei lokal

fordeling av medlemmer. Dette også for at ungdommane skal verta kjende på tvers av «gamle grenser» Grappa vil forelså medlemsfordelinga slik:

3 frå tidlegare Odda kommune, 3 frå tidlegare Ullensvang herad, 2 frå tidlegare Jondal kommune, 1 frå vidergåande skule i Kvam, 1 frå vidergåande skule på Voss og 1 frå vidergåande skule i Odda. Ordførar og varaordførar bør vera dei politikarane som set i Ungdomsrådet, dette for å belyse viktigheita av rådet og tydleggjera for ungdommen at kommunen ynskjer å satsa på dei.

Fellesråd for eldre: 7 medlemmer (2 politikarar)

Fellesrådet for eldre skal ha til behandling alle saker som gjelder levekårene for eldre. Fellesrådet for eldre kan på eget initiativ ta opp saker som gjelder eldre.

Fellesråd for mennesker med nedsatt funksjonsevne: 7 medlemmer (2 politikarar)

Fellesrådet skal sørge for at mennesker med nedsatt funksjonsevne blir sikra åpen, brei og tilgjengeleg medvirkning i arbeidet med saker som er særlig viktige for mennesker med nedsatt funksjonsevne. Fellesrådet kan på eget initiativ ta opp saker som gjelder mennesker med nedsatt funksjonsevne i kommunen.

Grendautval:

Grappa for politisk hovudstruktur har undersøkt gevinsten i andre kommunar i bruken av grendautval. Her er det gode tilbakemeldingar frå fleire kommunar, men samfunnet må vera interessert skal dette fungera. Ved å ha grendautval i Røldal, Kinsarvik, Utne og Jondal kan Ullensvang Kommune bedre sikra seg at lokaldemokratien vert god. Ein treng ivrige samfunnsborgarar som engasjerar seg, samt blir høyrd i saker dei fattar interesse om. Kvart grendautval kan ha ein kontaktperson, ein politikar som set i formannskapet, då vil ein best mogleg sikra at kommunikasjonen og informasjonen vil komma fram, samt ha ein politikar å drøfta saker med om nødvendig.

Ad-hoc utval:

Bruk av Ad-hoc utval ved større eller spesielle prosjekter som har ei tidsramme og trong for faglig kompetanse.

Saka skal ekspederast av:
Partsbrev skal sendast til:

Sakshandsamar
Alle relevante partar
Arkiv



Arkiv: K1 - 411
Arkivsak ID: 17/1777 - 4
Journalpost ID: 18/9147
Saksh.: Ragnvald Joakimsen
Dato: 08.06.2018

Nemnd / utval	Møtedato	Saksnr
Fellesnemnd Ullensvang kommune	15.06.2018	031/18

Arbeidsavtale prosjektleiar - rådmann for nye Ullensvang kommune

Prosjektleiar sitt forslag til

vedtak:

Fellesnemnda vedtar framlagte arbeidsavtale mellom fellesnemnda og prosjektleder / rådmann Ole Jørgen Jondahl. Arbeidsavtalen følger som vedlegg til saken.

eiar i fellesnemnda, Roald Aga Haug

Saksbehandlar:

Ingjerd Astad

Saka gjeld:

Frå 1. januar 2020 vert Jondal kommune, Odda kommune og Ullensvang herad slege saman til nye Ullensvang kommune. Samanslåingsprosjektet har i det første året hatt innleigd prosjektleiar, v/Ingjerd Astad fra KS-Konsulent as.

Mandatet som kommunane og heradet Jondal, Odda og Ullensvang likelydande vedtok den 28. august 2017, slår fast at det er fellesnemnda som skal rekruttere og tilsette prosjektleiar og rådmann for nye Ullensvang kommune. Etter rekrutteringsprosessen samla fellesnemnda seg, den 22. mai d.å., samrøyste om å tilby Ole Jørgen Jondahl stillinga som prosjektleiar / rådmann for nye Ullensvang kommune. Fellesnemnda gav i same møte arbeidsutvalet i oppdrag å utarbeide ein rådmannsavtale – ein arbeidsavtale.

Det er vedteke at Ole Jørgen Jondahl startar opp i stillinga den 1. august 2018.

Arbeidsavtalen som følgjer saka, byggjer på standardavtalar for rådmenn. Den tek

utgangspunkt i vegleiing frå KS om arbeidsavtalar for rådmenn. Når det gjeld innhaldet i avtalen, herunder løn og godtgjersler, tek arbeidsavtalen utgangspunkt i marknaden, kompleksitet i stillinga og det store ansvaret som ligg til funksjonen.

Det er lagt til grunn at arbeidsavtalen vert revidert når prosjektperioden vert avslutta, den 31.12.2019. Avtalen vil då bli inngått mellom kommunestyret i Ullensvang kommune og Ole Jørgen Jondahl.

Kvart år vert det utarbeidd ein leiaravtale mellom prosjektleiar / rådmann og fellesnemnda, med fastsette mål og resultatkrav. Lønn vert vurdert årleg, første gong i 2019.

Saka skal ekspederast av:
Partsbrev skal sendast til:

Sakshandsamar
Alle relevante partar
Arkiv



Arkiv: K1 - 143
Arkivsak ID: 18/155 - 2
Journalpost ID: 18/9126
Saksh.: Ragnvald Joakimsen
Dato: 08.06.2018

Nemnd / utval	Møtedato	Saksnr
Fellesnemnd Ullensvang kommune	15.06.2018	032/18

Prosjektorganisering kommuneplanen sin samfunnsdel

Dokumentnr	Tittel
361111	Framdriftsplan samfunnsdel - Detaljert framdrift
361117	Forslag budsjett Samfunnsdelen

Prosjektleder sitt forslag til

vedtak:

1. Fellesnemnda vedtek organisasjonsplan som går fram av saksutgreiinga og vedlagt framdriftsplan og finansieringsplan for arbeidet med kommuneplanen sin samfunnsdel for nye Ullensvang kommune.
2. Forslag til planprogram for kommuneplanen sin samfunnsdel vert lagd fram for politisk behandling i fellesnemnda sitt møte i september 2018.

Prosjektleder Ingjerd Astad,

Saksbehandlar:

Kristian Bondhus-Jensen

Saka gjeld:

I arbeidet med bygginga av nye Ullensvang kommune er det sett ned ei koordinert arbeidsgruppe som skal jobbe med utarbeiding av kommuneplanen sin samfunnsdel for den nye kommunen. Hovudarbeidsgruppa vert leia av Eivind Tokheim.

Koordinert hovudarbeidsgruppe for kommuneplan kjem i denne sakam med si tilråding til korleis

arbeidet med ny kommuneplan bør organiserast. Det vert anbefalt at ein raskast mogleg kjem i gang med samfunnsdelen og at arealdelen vert arbeidd med etter kvart som ein får føringar frå samfunnsdelen.

Sentrale element i samfunnsdelen er utarbeiding av visjon, hovuedsatsingsområde, strategiar, prioriterte tiltak og handlingsplan for den nye kommunen. Intensjonsavtalen som ligg til grunn for etableringa av nye Ullensvang kommune, gjev ei rekkje direkte føringar for arbeidet med kommuneplanen sin samfunnsdel.

Planarbeidet vil skje med politisk forankring i fellesnemnda, formannskapa og herads-/kommunestyra i Jondal, Odda og Ullensvang. Undervegs i planarbeidet vert det formelle vedtaksmyndet avklart. Den koordinerte hovuedgruppen vil leie arbeidet og gruppa rapporterer til prosjektleiar for samanslåingsprosjektet. Prosjektleiar for nye Ullensvang kommune leier det administrative arbeidet i nært samarbeid med rådmennene i Jondal, Odda og Ullensvang. Øvrig administrativ organisering vert tilpassa organiseringa av nye Ullensvang kommune med vekt på tverrfagleg og tverrsektoriell tilnærming.

Som første ledd i arbeidet med kommuneplanen sin samfunnsdel for nye Ullensvang kommune, vil det bli utarbeidd et forslag til planprogram,. Dette vert lagt fram til politisk behandling både i fellesnemnda for sammenslåingsprosjektet og for herads-/kommunestyra i Ullensvang, Jondal og Odda. Vedteke planprogram blir så lagt ut til høyring i hht plan- og bygningslova § 11-13. Endeleg planprogram vert fremma til politisk behandling i fellesnemnda og i herads-/kommunestyra, etter at innspel til planprogrammet er gjennomgått og behandla.

Saka sitt innhald:

Om kommunal planstrategi

Mandat

Kva er samfunnsdelen?

Tilhøvet til arealdelen

Samfunnsdelen som strategisk og politisk plan eller "skuffefyll"?

Tilråding til fellesnemnda

Prosjektorganisering

Omfang

Framdrift

Finansiering

Om kommunal planstrategi

I plan- og bygningslova § 10-1 vert det stilt krav om at kommunestyret minst ein gong kvar valperiode, og seinast eitt år etter konstituering, skal utarbeide og vedta ein kommunal planstrategi. Som eit minimum skal det i planstrategien takast stilling til om kommuneplanen skal reviderast i valperioden eller om den skal vidareførast utan endringar.

I prosessen med bygginga av den nye kommunen tar vi først tak i arbeidet med å utarbeide kommuneplanen sin samfunnsdel. Bakgrunnen for det er at det ikkje er nokon tvil om at ein ny kommune treng det overordna styringsverktøyet - kommuneplanen - på plass når den nye kommunen er i gang 01.01.2020.

For å skaffe oversikt over kva for øvrige styringsverktøy den nye kommunen treng, bør det i

prosjektarbeidet utarbeidast ein planstrategi som vert lagt fram for fellesnemnda til politisk behandling. Det vil sikre at ein er godt førebudd til oppstarten av den nye kommunen og auke sjansen for å oppnå intensjonane fra første dag; Å skapa ein ny, livskraftig og attraktiv kommune i Hardanger. Ein planstrategi som vert utarbeidd i prosjektperioden, vil gje oversikt over kva for planer som bør utarbeidast før oppstart og kva for planar som kan vente til etter 01.01.2020. Arbeidet med planstrategien i prosjektperioden, vil gjere det mogleg for det nye kommunestyret å formelt vedta planstrategi for den første valperioden rett etter konstituering.

Planstrategien bør være eit enkelt og oversiktleg dokument, som bør innehalde ei beskriving av utviklingstrekk, moglegheiter og utfordringar som den nye kommunen står overfor, både som samfunn og organisasjon, i dei komande åra. Gjennom det arbeidet som er gjennomført i første fase av samanslåingsprosjektet og det som nå går føre seg i de ulike arbeidsgruppene, vil vi ha ein del av grunnlagsmaterialet som kan synleggjere dei nye føresetnadane som etableringa av ny kommune gjev. I arbeidet skal vi også sjå planstrategien i samanheng med regionale strategiar og nasjonale føringar og forventningar. Ut frå dette skal planstrategien ta stilling til kva styringsverktøy som må utarbeidast for å bidra til ønska utvikling i den nye kommunen.

Den koordinerte hovudarbeidsgruppa som har fått i oppdrag å jobbe med kommuneplanen, har ei omfattende oppgåve. Utarbeiding av planstrategien bør difor ikkje leggjast til denne gruppa, men heller leggjast direkte til prosjektorganisasjonen.

Mandat

Det er nedsett ei koordinert hovudarbeidsgruppe for kommuneplan. Gruppa består av;

- Ieiar Eivind Tokheim (Venstre - Odda kommune)
- Jørund Kvestad, (Senterpartiet Ullensvang)
- Georg Kvåle (Senterpartiet Jondal)
- Kristian Bondhus-Jensen (Adm Odda)
- Randi Karin Tveit (Adm Ullensvang)
- Torkjell Tolo (Adm Jondal)
- Per Gunnar Hammer (Tillitsvald NITO Jondal)
- Grete Hamre (Tillitsvald Fellesforbundet Ullensvang)

Den koordinerte arbeidsgruppa har ansvar for å leie arbeidet med ny kommuneplan (samfunnsdel og arealdel) for Ullensvang kommune, med rapportering til fellesnemnda via prosjektleiar/rådmann.

Kva er til kommuneplanen sin samfunnsdel?

Med den nye plan- og bygningslova av 2009 fekk kommuneplanen sin samfunnsdel ei langt viktigare rolle i kommune- og samfunnsplanlegginga. Planen er lovpålagt og den strategiske, overordna planen for heile kommunen.

§ 11-2. Kommuneplanens samfunnsdel

Kommuneplanens samfunnsdel skal ta stilling til langsiktige utfordringer, mål og strategier for kommunesamfunnet som helhet og kommunen som organisasjon. Den bør inneholde en beskrivelse og vurdering av alternative strategier for utviklingen i kommunen.

Kommuneplanens samfunnsdel skal være grunnlag for sektorenes planer og virksomhet i kommunen. Den skal gi retningslinjer for hvordan kommunens egne mål og strategier skal gjennomføres i kommunal virksomhet og ved medvirkning fra andre offentlige organer og private.

Kommunedelplaner for temaer eller virksomhetsområder skal ha en handlingsdel som angir hvordan planen skal følges opp de fire påfølgende år eller mer. Handlingsdelen skal revideres årlig.

For utarbeiding og vedtak av kommuneplanens samfunnsdel gjelder §§ 11-12 til 11-15.

Tilhøvet til kommuneplanens arealdel

Kommuneplanen sin arealdel skal vere ei oppfølging av føringane frå samfunnsdelen. Den skal vere ein grovmaske og overordna plan, som setter rammer og betingelsar for fremtidige tiltak og arealbruk, samt kva viktige omsyn som må takast i vare ved disponering av areala.

Til forskjell frå samfunnsdelen er arealdelen eit juridisk bindande dokument. Endringar i arealdelen kan ha stor betydning for enkeltmenneske, verksemdar og samfunn. Det er krav om at alle endringar i arealdisponering i arealdelen skal konsekvensutgreiast. Arealdelen består av plankart, føresegner, eventuelt retningslinjer, og planskildring med konsekvensutredning.

Arbeidet med arealdelen må famne om både diskusjonane på overordna strategiske tema, samtidig som den kan måtte møte forventningar og innspel heilt ned på nivå med enkelteigedomar.

Prosjektgruppa anbefaler at arbeidet med kommuneplanens arealdel vert sett i gong etter at planprogram for samfunnsdelen er vedteke og ein har hatt drøftingar rundt strategiar i samfunnsdelen. Dette vil gje gode signal for arbeidet med arealdelen.

Samfunnsdelen som strategisk og politisk plan eller “skuffefyll”?

Det er mange eksempel på at samfunnsdelar raskt går i “skuffen” etter vedtak. Dette kan ha samanheng med manglande medverknad og, såleis eigarskap, til planen. Frå lovgjevar si side skal samfunnsdelen vere strategisk, politisk, men òg konkret i høve til gjennomføring av handlingsdel.

Mange samfunnsdelar er generelle, lite konkrete og lite forpliktande. Då vert dei samstundes uinteressante.

Prosjektgruppa meiner det er stort behov for ein operativ og strategisk samfunnsdel, spesielt når ein skal etablere ein ny kommune. Føresetnaden må vere at planen er godt gjennomarbeidd, forankra og konkret styrer utviklingsretninga til kommunen. Dette betyr at den må vere politisk og mektig - altså må den prioritere tiltak og satsingar. Berre då vil den vere interessant som styringsdokument. Og berre då vil det vere interessant for innbyggjarar, næringsliv, interesseorganisasjonar, kommunetilsette og politikarar.

Det er eit sentralt element at handlingsdelen vert konkret i oppfølging av vedtekne strategiar og nært knytt til økonomiplanen i kommunen.

Anbefaling til fellesnemnda

Koordinert hovudgruppe har gjennom fleire møte diskutert korleis ein bør gå fram ved utarbeiding av kommuneplan for Ullensvang kommune.

Som nemnt over vil ein umiddelbart starte arbeidet med samfunnsdelen. Det påfølgjande fokuserer såleis på dette.

Omfang


Sentrale element i samfunnsdelen er utarbeiding av strategiar, prioriterte tiltak og handlingsplan for den nye kommune. Strategiane bør vere vekta/prioriterte. Aksjonar og handlingsplan må vise korleis ein kan oppnå strategiane i høve til ei konkret framdrift.

Dette kan gjerast på ulike måtar, med ulikt omfang. Prosjektgruppa ser det som avgjerande at dei øvrige hovudarbeidsgruppene og prosjektleiinga er førande ved utarbeiding av dei første forslaga. Omfanget vil i stor grad bli påverka av korleis prosessen vert lagt opp i høve til involvering av innbyggjarar, partar og politisk nivå. Det er altså drøfting og forankring som er særskilt arbeidskrevjande.

Hovudarbeidsgruppa anbefalar at ein involverer dei øvrige hovudarbeidsgruppene, fellesnemnd og referansegrupper suksessivt ved utarbeiding av strategiar. Når strategiane er fastlagt involverer ein på same måte i høve til aksjonar og handlingsplan. Det vert synt til forslag til framdriftsplan.

Hovudarbeidsmengda vil bli påført prosjektgruppa og prosjekt drivar (sjå vedlagt forslag til prosjektorganisering) Det er vanskeleg å anslå omfanget i høve til arbeidstimar, men hovudgruppa ynskjer å vere tydeleg på at prosjektet er heilt avhengig av ein innleigd eller frikjøpt ressurs som kan arbeide dedikert med utarbeiding av forslag, sikre forankring, samt framdrift. Ingen av kommunane har per i dag tilgjengeleg planleggarkapasitet av monaleg betydning.

Prosjektorganisering



Prosjekteigar/Fellesnemnd legg forslag til planprogram ut på høring og offentleg ettersyn, og vedtek mandatet for arbeidet med kommuneplanen sin samfunnsdel.

Styringsgruppa/prosjektleiinga i nye Ullensvang kommune har det overordna ansvaret for planarbeidet, og at det vert sett av tilstrekkelege ressursar til arbeidet. Styringsgruppa må støtta prosjektgruppa i strukturelle og overordna avgjerdsler i gjennomføringa av prosjektet. Denne gruppa lagar mandatet for prosjektet ny kommuneplan.

Prosjektgruppa har ansvaret for organiseringa av planarbeidet og hovudansvaret for

utarbeidinga av forslag til planprogram og planforslag.

Prosjektdrivar er den ansatte eller innleigde ressursen som skal utføra arbeidet etter at planprogrammet er utarbeid. Planprogrammet vil trekkja opp hovudlinene for arbeidet til denne personen.

Referansegrupper frå nye Ullensvang kommune er andre grupper frå prosjektet ny Ullensvang kommune. Omfanget må avklarast med kvar enkelt gruppe.

Eksterne referansegrupper som ikkje er ein del av samanslåingsprosjektet. Kva grupper dette gjeld må klargjerast i Planprogrammet.

Framdrift

Prosjektet har som mål å ha ein gjennomarbeidd og godt forankra samfunnsdel klar til 1. januar 2020. Det vil vere gunstig om kommunestyret i nye Ullensvang kommune kan slutthandsame planen som si første sak etter konstituering.

Det vil òg vere sentralt at samfunnsdelen sin handlingsplan er sterkt knytt til økonomiplanen til nye Ullensvang kommune. På den måten kan økonomiplanarbeidet få ein langsiktig og strategisk dimensjon. Fellesnemnda bør på eit tidspunkt i prosessen få ta stilling til kor tett denne bindinga skal vere.

Første steg i prosessen vil vere å utarbeide planprogram for prosessen. Planprogrammet bør fremjast for fellesnemnda allereie i neste møte. Etter høyring og vedtak av planprogrammet startar arbeidet med å utforme strategiar. Når desse er omforente vil ein gå i gong med utarbeiding av konkrete aksjonar for å oppnå strategiane. Prioritering av strategiar og aksjonar vil samanstilla i handlingsprogrammet.

Det vert synt til vedlagt framdriftsplan for detaljar.

Finansiering

Med utgangspunkt i omfanget på arbeidet har ein kalkulert arbeidet som skal gjerast av prosjektdrivar og prosjektgruppe til omlag 2900 timar (timepris kr. 500,-). Det er òg budsjettert inn 350 timar frå innleigd konsulent (timepris kr. 1000,-). I tillegg er det lagt inn kr. 200.000 til møtegodtgjersler, synleggjering, inkludering og annonsering i prosessen. For 2018 og 2019 vil dette seie kr. 2 mill. Budsjettet er eit estimat der ein må rekne ein viss unøyaktigheit.

Det er frå fylkesmannen innvilga kr 500.000 for 2018, til arbeidet med kommuneplanens samfunnsdel. I utgangspunktet var det søkt om 1 mill kr. Det vil no vere søkt om kr. 1 mill. i skjønnsmidlar av fylkesmannen for 2018. Dersom ein ikkje får full støtte i 2018 vil det vere naturleg å søke om restsummen i 2019.

I revidert økonomiplan/budsjett er det sett av 1 mill kr til arbeidet med kommuneplanens samfunnsdel.

Dersom man ikke får innvilget restsummen i skjønnsmidler på kr 500 000,- i 2019, vil det kunne bli nødvendig å at herads-/kommunestyrene bevilger midler til utarbeidelse av kommuneplanens samfunnsdel. Dette med bakgrunn i at den enkelte herad/kommune i inneværende valgperiode ikke trenger å bruke økonomiske ressurser på dette arbeidet selv. En vurdering av dette vil skje i forbindelse med revidering av budsjett/økonomiplan for sammanslåingsprosjektet for 2019.

Oppsummering av hovudgruppa si anbefaling

- Samfunnsdelen må vere godt forankra i samfunnet og hjå fellesnemnda.

- Samfunnsdelen må vere ein plan med strategisk betydning for Ullensvang kommune. Det betyr at den må prioritere strategiar og aksjonar ein vil satse på.
- Gjennomføring forutsetter er avhengig av at det vert avsett midlar, slik at ein får inn ein dedikert prosjektdrivar.

Vedlegg:

- Framdriftsplan
- Finansieringsplan

Saka skal ekspederast av:
Partsbrev skal sendast til:

Sakshandsamar
Alle relevante partar
Arkiv